

Adresseinformasjon fylles inn ved ekspedering. Se mottakerliste nedenfor.

Adresseinformasjon fylles inn ved ekspedering. Se mottakerliste nedenfor.

Vår dato: 20.01.2016

Vår ref.: 201506523-6

Arkiv: 313

Dykkar dato:

Dykkar ref.:

Sakshandsamar:

Arnljot Einride Strømseng

22959757/aes@nve.no

Bokn vassverk – Søknad om løyve til regulering og auka uttak av drikkevatt frå Torlandsvatn på Vestre Bokn i Bokn kommune, Rogaland – Høyring

NVE har motteke ein søknad frå Bokn vassverk, datert 04.12.2015, om løyve til auka uttak av drikkevatt og auka regulering av Torlandsvatn i Bokn kommune.

I fleire år har det vore periodar der Bokn vassverk har hatt problem med vassforsyninga, grunna liten kapasitet i vasskjelda. Dette, kombinert med forventna framtidig befolkningsauke, gjer det nødvendig å betre forsyningskapasiteten. På bakgrunn av dette vert det no søkt om auka regulering av Torlandsvatnet. I dag kan Bokn kommune senke Torlandsvatnet til 1,0 meter under normalvasstand (kote + 62,5). Det vert no, i tillegg, søkt om løyve til 1,0 meter oppdemming, slik at HRV og LRV vert høvesvis + 63,5 og + 61,5. Reguleringa av Torlandsvatnet er berekna å kunne gi eit framtidig uttak av råvatn på ca. 1400 m³/døgn (ca. 16,2 l/s). Med dagens spesifikke vassforbruk på ca. 500 l/p-døgn, estimerer søkar at dette vil tilsvare eit forbruk for ca. 2200 personar.

Søknaden skal behandlast etter reglane i kap. 3 i vassressurslova og gjeld løyve etter vassressurslova § 8. Søknaden med vedlegg vert lagt ut på www.nve.no/konsesjonssaker, og den vert kunngjort av NVE. Kopi av kunngjeringa ligg ved. Dersom høyringspartane ønskjer papirutgåve av søknaden, kan de kontakte Hans Faye på tlf. 98 22 15 05 eller e-post: hans.faye@bokn.kommune.no.

Vi ber Bokn kommune leggje to eksemplar av søknaden ut til offentleg ettersyn på servicetorget i Boknatun fram til **15.03.2016**. Det eine eksemplaret kan, om nødvendig, lånast ut for kortare tid (2-3 dagar). Det andre må ikkje fjernast frå utleggingsstaden.

Vi syner elles til vedlagt informasjonsark som forklarar saksbehandlinga frå saka vert sendt på høyring til endeleg vedtak. Av dette går det fram kva for tilbakemelding vi ønskjer.

NVE føretrekkjer at uttalar vert sendt oss elektronisk via www.nve.no/konsesjonssaker så snart som råd og seinast innan **15.03.2016**. I tillegg kan ein sende uttalar per e-post til nve@nve.no eller per post til: NVE, Konsesjonsavdelinga, Postboks 5091 Majorstua, 0301 Oslo.

E-post: nve@nve.no, Postboks 5091, Majorstuen, 0301 OSLO, Telefon: 09575, Internett: www.nve.no

Org.nr.: NO 970 205 039 MVA Bankkonto: 7694 05 08971

Hovedkontor

Middelthungsgate 29
Postboks 5091, Majorstuen
0301 OSLO

Region Midt-Norge

Vestre Rosten 81
7075 TILLER

Region Nord

Kongens gate 14-18
8514 NARVIK

Region Sør

Anton Jenssensgate 7
Postboks 2124
3103 TØNSBERG

Region Vest

Naustdalsvn. 1B
Postboks 53
6801 FØRDE

Region Øst

Vangsveien 73
Postboks 4223
2307 HAMAR



Uttalen eller delar av uttalen vil bli referert i eit endeleg vedtak. Om uttalen er lang, er det difor ein fordel om det vert utarbeidd eit samandrag som kan brukast til dette.

Med helsing

Gry Berg
seksjonssjef

Arnljot Einride Strømseng
seniorrådgjevar

Dokumentet vert sendt utan underskrift. Det er godkjent etter interne rutinar.

Vedlegg: Orientering til høyringspartane
 Kunngjering

Mottakarliste:

Forum for natur og friluftsliv Rogaland
Friluftsrådet Vest
Fylkesmannen i Rogaland
Haugesund Turistforening
Mattilsynet Region Sør og Vest
Naturvernforbundet i Rogaland
NJFF - Rogaland
Norges Miljøvernforbund
Rogaland fylkeskommune